



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119, Dep.
0032 OSLO

Deres ref

Vår ref
2013/7970-PEH

Dato
30.10.2013

Høyring - endringar i universitets- og høgskulelova – høyringsuttale frå Universitetet i Bergen

Vi viser til departementets brev av 10. 07.13, der ei rekkje framlegg til endringar i universitets- og høgskulelova vart sendt på høyring. Ved Universitetet i Bergen har det vore ei intern høyring, der fakulteta, Studentparlamentet og organisasjonane var bedne om å gje kommentarar til forslaga. Universitetsstyret drøfta forslaga i møte 24.10 (sak 76/13). Rektor og universitetsdirektør fekk fullmakt til å utforme høyringsutsegna frå Universitetet i Bergen, bygd på saksframlegget og merknadene som kom fram i styrets møte. Utsegnene frå den interne høyringa er tilgjengelege på våre nettsider: <http://www.uib.no/filearchive/2013-076.pdf>

Universitetet i Bergen har følgjande merknader til forslaget om endringar i lova, ordna etter nummereringa frå høyringsnotatet:

3. Nokut og fagleg godkjenning av utanlandsk utdanning

Fleire av dei interne høyringsinsansane har peika på at framlegget er slik formulert at det kan skape tvil om ansvarsfordelinga mellom NOKUT på den eine sida og institusjonane på den andre sida når det gjeld kven som skal vurdere om ei spesifikk utanlandsk utdanning fagleg sett svarar til ei spesifikk norsk utdanning. Det er særleg formuleringa «NOKUTS faglige vurdering» det vert vist til.

Universitetet i Bergen meiner det framleis må vere tydeleg i lova at den faglege vurderinga må skje ved institusjonane. Merknadene i høyringsnotatet tyder ikkje på at departementet ønskjer å endre lova på det punktet, men formuleringa og bruken av «faglig», er uheldig.

5. Rett til utsett eksamen

Universitetet i Bergen stør framlegget slik det står. Ein vil likevel vise til at det kan det sjå ut til at omgrepet «eksamen» vert avgrensa til avsluttande skuleeksamen som vurderingsform. I dag er ei lang rekke vurderingsformer i bruk, i tillegg til at obligatoriske element vert brukt i stor grad. Dette er ein ulempe, når det gjeld dette konkrete framlegget og elles. Det vil vere tenleg med ein grundig gjennomgang av bruk av omgrep og terminologi om vurdering i lova.

6. Vedtaksmynde for utestengingsvedtak

I den interne høyringa har Det juridiske fakultet vore kritisk til å lovfeste at vedtaksmyndet alltid skal liggje hos klagenemnda, fordi det tek vekk makt og ansvar frå styret. Det vert understreka at fakultetet ikkje er imot at klagenemnda kan handsame utestengingssaker av ulikt slag på delegert fullmakt frå styret.

Universitetet vil peike på at det kan vere gode grunnar for endringane departementet foreslår. Den viktigaste er at klagenemnda er samansett for å kunne avgjere klage- og

Telefon 55 58 00 00
post@uib.no
Internett www.uib.no
Org no. 874 789 542

Universitetsledelsen
Telefon 55 58 20 01/02
Telefaks 55 58 96 43

Postadresse
Postboks 7800
5020 Bergen

Besøksadresse
Muséplass 1
Bergen

Saksbehandler

disiplinærsaker. Det er og rettstryggleiksgarantiar for studentane, både i dei allmenne krava til forsvarleg handsaming av sakene, retten til advokathjelp på universitetets rekning, retten til å klage til Felles klagenemnd og retten til å bringe saker inn for domstolane. Dei kritiske merknadene frå fakultetet vert støtta.

7. Fusk ved gjennomføringa av eksamen.

Det juridiske fakultet har peika på at bruken av omgrep i høyringsnotatet ikkje er heil konsistent. Fakultetet har laga eit alternativt framlegg til lovtekst som vert støtta.

8. RUST

UiB har følgd arbeidet med å utvikle RUST, i samarbeid og dialog med FS, departementet, Samordna Opptak, Datatilsynet og institusjonane. Vi er glade for at det er lagt stor vekt på drifts- og informasjonstryggleik, og ikkje minst for dei viktige tiltaka som er gjort for å rettleie institusjonane i bruken av det. Lovframlegget frå departementet vert vurdert som godt, men det bør bli høve til å informere heimeinstitusjonen når det er gjort vedtak mot innreisande utvekslingsstudentar.

9. Medverkaransvar for fusk ved eksamen

Det juridiske fakultetet peikar på at departementets forslag på dette punktet føre til at sakshandsaminga i ein del saker tek meir tid enn i dag og at studentar kan bli redde for å samarbeide med kvarandre. Det er ikkje vist til gode grunnar til at eit medverkaransvar vil gi vere meir preventiv enn reglane som gjeld. UiB støtter ikkje framlegget om medverkaransvar.

10. Advokatkostnader i saker om utestenging

Lovframlegget vert vurdert som tenleg, og vert støtta av UiB. Vi vil likevel peike på at etter ordlyden kan det synest som om det berre er klageinstansen som har mynde til å avgjere at eit salærkrav frå ein advokat skal reduserast. Dette synest noko tungvint. Etter vårt syn vil det vere betre om klagenemndene ved institusjonane får ein uttrykkeleg rett til å vedta slik reduksjon i første instans og at Felles klagenemnd vert klageinstans for salærkrav.

11. Tvungen avslutting av doktorgradsutdanning

Dette er eit spørsmål med stor prinsipiell og praktisk interesse. Det er stor oppslutnad blant høyringsinstansane om at lova bør gi heimel for tvungen avslutting. Eit stridspunkt gjeld samanhengen mellom tvungen avslutting og disiplinærtiltak etter tenestemanns- og arbeidsmiljølova for ph.d.-kandidatar som også er stipendiatar. Desse har dobbel tilknytning til institusjonen, dei er tekne opp til ei utdanning og dei er tilsette. Det er såleis gjort to vedtak, og i ein prosess fram mot tvungen avslutting, må institusjonen ta stilling både til det som gjeld opptaket og dei rettane som følgjer av det og til tilsetjinga og dei rettane som følgjer av den. Det synest dermed vanskeleg å unngå ein prosess i to trinn eller langs to spor.

Det synest enklast og ryddigast at spørsmålet om tvungen avslutting vert handsama først, fordi dei faglege og juridiske vurderingane fakultetet og klagenemnda gjer, vil vere nødvendige for tilsetjingsorganet som skal vurdere tiltak som oppseiing eller avskil. Rett nok kan det seiast at eit vedtak i klagenemnda om tvungen avslutting kan binde tilsetjingsorganet så sterkt at det kan svekke organets moglegheit til å gjere si eiga sjølvstendige vurdering. Samla sett synest det likevel klart at rekkefølgja som departementet skisserer, er den beste.

Forskerforbundet peikar på at det er risiko for ulik praksis mellom institusjonane. Dette kan motverkast ved at reguleringa i lova blir meir utførleg, ved at departementet gir forskrifter, ved at institusjonane samarbeider om sine forskrifter, eller ved ein kombinasjon av tiltak.

Mange høyringsinstansar har vist til at ein høg andel av ph.d.-kandidatane er tilsett andre stader enn institusjonen der dei er tekne opp til ph.d.-programmet. I slike tilfelle kan ikkje universitetet diktere kva arbeidsgjevaren skal gjere overfor sin arbeidstakar, men det bør vere høve til å informere arbeidsgjevaren, og vi vil gjere framlegg om det kjem inn i lova.

12. Nedlegging av politiattestnemnda

Å leggje ned politiattestnemnda framstår som ei forenkling av sakshandsaminga, utan stor risiko for å tape noko i rettstryggleik. Klagenemndene handsamar slike saker i dag, men slik at dei gir innstilling i staden for å gjere vedtak. At klagenemndene framover skal gjere vedtak sjølv, utgjer etter vårt syn ikkje noka stor endring. Universitetet i Bergen ser ikkje grunn til å gå i mot dette framlegget.

13. Klage i saker om innsyn etter offentleglova

På dette punktet har Det juridiske fakultet uttalt seg kritisk til framlegget. Det kan likevel vere grunnar til å følgje departementet. Her vil det vere viktig å legge vesentleg vekt på kva Felles klagenemnd sjølv uttaler om framlegget.

14. Klage over formelle feil

I den interne høyringa har fleirtalet av høyringsinstansane gitt støtte til alternativ 1 i departementets framlegg: om at institusjonen (her: fakultetet) er førsteinstans, med klagenemnda som klageinstans. Dette ligg tett opp til den praksisen som er etablert ved UiB. Den har vist seg å vere fleksibel og tenleg. Alternativ 2 vil vere meir tidkrevjande, særleg når det gjeld klagehandsaming. Universitetet vil støtte framleggets alternativ.

15. Ordninga for klagesensur

Her er det delte oppfatningar blant høyringsinstansane internt ved universitetet. Det er gode argument for både blind og open sensur. Ikkje minst er det grunn til å leggje vekt på omsynet til likskap på tvers av institusjonane. Etter ei samla vurdering har universitetsstyret vedteke å gå inn for open sensur.

16. Innstegsstilling

Også her er det ulike syn blant høyringsinstansane. Fleirtalet er for at innstegsstillinger bør takast inn i lova. Fleire fakultet strekar under at det er viktig å prioritere å lyse ut faste stillingar framfor brei satsing på innstegsstillinger. Innstegsstillinger må ikkje erstatte postdoktorstillinger, men vere eit alternativ for dei som alt har vore postdoktorar. Innstegsstillinger må kunne bli tatt i bruk innanfor alle fagområda. Innstegstilling må vere eit middel for å rekruttera dei beste og gje større tryggleik for å oppnå ei fast stilling. Det er viktig at det kjem nye innstegstillinger, og at det ikkje er stipendiat- eller postdoktorstillinger som vert til innstegstillinger.

Det er sett fram to alternative tekstar om kva som skal til for å oppnå fast stilling. I alternativ 1 vert den som har ei innstegsstilling gitt ein rett til ei fast stilling dersom krava som er stilt er oppnådd, medan alternativ 2 gjev rett til å verte vurdert for fast tilsetjing.

Det viktigaste må vere kva krav som skal gjelde for å kunne få fast stilling ved avslutninga av åremålsperioden. Kriteria for vurdering til fast stilling må vere tydelege, i utlysingstekstane og i vilkåra for åremålstilsetjing. Forskerforbundet og Studentparlamentet går inn for alternativ 1, medan fakulteta går inn for alternativ 2 i departementets framlegg. Etter ei samla vurdering vert forslaget som er uttrykt i alternativ 1 støtta. Gitt at det er open konkurranse om stillingane og klåre, faglege kriterier og systematisk vurdering av om krava er oppnådd, vil ein rett til ei fast stilling om ein oppfyller kriteria, vere det beste alternativet for å rekruttera dei beste og for å gje større tryggleik enn det andre alternativet gjev.

Forskerforbundet meiner stillinga bør rettast inn for å kvalifisera til professorstilling. Det er ikkje drøfta kva periode ei innstegstilling skal ha. Forskerforbundet tek til orde for ein periode på seks år. Vurderinga frå Forskerforbundet, både om nivå og periode vert støtta.

17. Bistilling

Det er positivt å få ein klår heimel for at bistillingar er midlertidige. Forslaget får vår støtte.

Vi vil peike på eit anna tilhøve, som gjeld universitetssjukehusa. Det er vanleg med ein kombinasjon av ei fast hovudstilling ved sjukehuset og ei bistilling ved universitetet, der det er ein føresetnad for bistillinga at ein har ei hovudstilling ved sjukehuset. Grunnlaget for bistillinga fell bort om personen ikkje lenger har slik hovudstilling. Dette tilhøvet bør gå fram av lova.

Verleg helsing

Dag Rune Olsen
rektor


Kari Tove Elvbakken
universitetsdirektør